



Vest Norsk Bygg AS
Florvågvegen 19
5305 FLORVÅG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/3641 - 23/17439

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
02.03.2023

Mellombels bruksløyve for tomannsbustad seksjon 3 og 4 - gbnr 123/150 Risa

Administrativt vedtak: Saknr: 239/23
Tiltakshavar: Vest Norsk Bygg AS
Ansvarleg søkjar: Vest Norsk Bygg AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for tomannsbustad med carport på gbnr gbnr 123/150 seksjonar 3 og 4 på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: tomannsbustad.**
- 2. Ferdigattest skal liggje føre innan 2.06.2023.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 20/3641 datert 16.06.20.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Ferdigmelding for røyrliggjararbeid skal godkjennast av kommunen.
2. SOSI-data for kontroll av plassering av tomannsbustad skal innleverast.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: tomannsbustad.

Det vert elles vist til søknad mottteken 2.03.23.

VURDERING

Kommunen legg mottteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

Skildring

Adresse:	Storhaugen 45 A, B
Bygningstiltak:	Tomannsbustad med carport
Bygningsnummer:	300811212 - seksjon 4 – Storhaugen 45A; 300811249 – seksjon 3- Storhaugen 45B
Bruksareal:	96,4 m2 kvar seksjon
Avløp:	kommunalt
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	1 i kvar seksjon

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reist søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høre til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/3641

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Vest Norsk Bygg AS

Florvågvegen 5305
19

FLORVÅG